

Litt mindre loppesal enn i fjor

25.02.2012



Det var stort innrykk ved opninga

**Loppemarknaden i Aktivitetshuset i dag hadde stort innrykk frå opninga men totalt sett har det vore litt mindre sal enn i fjor, truleg for rundt rekna 20 000 kroner. I fjor stoppa det på omlag 23 000.**

**Dette er ein førebels konklusjon før salstida er ute og eldsjelane i Lions**

**i Kvinnherad er naturleg nok litt skuffa over at loppemarknad nummer 2 ikkje hadde auke, Men uansett blir det ein pen slump til gode formål både her og andre stader.**

**Leikane var populære**

Den nye presidenten Erlingur Nielsson frå Seimsfoss har forslag om kortare opningstid enn 4 timer og at dei for å få opp salet skal avvikla ein auksjon til dømes etter 2 timer. Det kan bli strategien neste år.



Dårleg skisal - sesongen er snart slutt!

Samlinga av loppar var i alle fall imponerande denne gongen. Det var færre møblar enn sist, men til gjengjeld fleire andre gjenstandar frå bøker via ' koppar og kar' til elektriske småartiklar. Som døme på kor rimeleg ein kunne få loppane for nemner vi at ein skjenk med overskåp gjekk for 200 kroner, ein kommode og ein filmframvisar for det same og ein Kurer reiseradio for 300



President Erlingur Nielsson hadde det travelt under marknaden

Dei lokale Lionsmedlemmene fekk ros for den oversiktlege

måten alt var presentert

på og arrangementet bar i det heile preg av profesjonalitet.

Det gjaldt også vaffelserveringa!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen